



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
19.06.2017  
Dykkar dato  
11.05.2017

Vår referanse  
2015/7389 421.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft - uttale

Me viser til oversending av planforslag med frist til 22.06.2017 for å koma med uttale.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal vera eit verktøy for å setja retning og samordna arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland.

Planforslaget har betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane som overordna mål. Vidare er det stilt tre hovudmål i planforslaget:

1. Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov.
2. Arbeidslivet i Hordaland skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov.
3. Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Måla er nærmare konkretisert i planforslaget og ein har delt desse opp i delmål. I tillegg er det utarbeidd ein handlingsplan med ulike tiltak som skal sikra at ein når dei måla ein har sett seg i planen. Slik Fylkesmannen ser det er planforslaget ryddig og oversiktleg, og tar opp i seg relevante problemstillingar på ein god måte.

Me ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*